



Notat

Dato: 13.03.2017
Arkivsak: 2017/673-4
Saksbehandlar: ambrein

Til: Hanne Kathrin Vie

Frå: Ambjørg Reinsnos

Kulturminnegleg innspel - Dalekletten - gnr 35 bnr 277 m.fl.,- Oppstart av reguleringsplan - Øygarden kommune

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og tekne omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innafor planområdet. Søre del av planområdet ligg i nærleiken av det gamle tunet på g/bnr 34/9, men potensialet for å finna ukjende automatisk freda kulturminne i planområdet er vurdert til å vera låg. Hordaland fylkeskommune vil difor ikkje krevja undersøkingar etter kulturminnelova § 9 i planområdet.

Nord i planområdet ligg eit kulturminne frå andre verdskriken; flymeldepost Toftøy (Askeladden id 212708). Dette er eit tunnelinnslag på toppen av Dalekletten, og eit objekt om lag 100 meter nordvest for tunnelinnslaget. Riksantikvaren har dei siste åra hatt eit høgt fokus på krigens kulturminne. Dette er gjort for å sikre betre kunnskap og oversikt over ei større breidde av krigsminna, og for å kaste lys over og nyansere kunnskapen vi har om andre verdskrigen i Noreg. Vi ber om at det vert teke omsyn til krigsminna på Dalekletten i den vidare planprosessen.

Vi ber vidare om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

klø